

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-V63	21/134

Saknr	Utvalg	Type	Dato
043/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Søknad om fritak frå buplikt gnr. 77 bnr. 40

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming utan tilråding.

Forslag om utsetjing av saka om fritak frå buplikt gnr.77 bnr.40, lagt inn i møteportalen av Kristin Nåmdal

Kommunestyre ber om at det kjem ei sak til det nye kommunestyre med gjennomgang og drøfting av bruk av 0-konsesjon i Modalen.

Kommunestyre ynskjer ikkje å å stilling til enkeltsøknader før det har vore ei prinsipiell behandling av saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

0 Konsesjon (lokal forskrift om konsesjonsplikt bebygd eigedom i Modalen kommune) vart innført 25.10.1991. (og endra 31.08.2001) Bakgrunnen var at ein ville hindra at brukbare bustadhus berre vart nytta til fritidsbustad. Det betyr at dersom ein ynskjer å nytta eit bustadhus til fritidsbustad, må det søkjast om konsesjon.(gjeld ikkje for nær slekt.)

Vurdering av 0-konsesjonsforskrifta i Modalen kommune vart i saknr 041/2021 lagt fram for politiskhandsaming utan tilråding. Kommunestyret vedtok å vidareføra 0-konsesjonsforskrifta slik den ligg føre i dag.

Vurdering

Modalen kommune har motteke ein søknad om fritak frå buplikt på ein eigedom som eigar ynskjer å selgja. Dersom det ikkje er buplikt på eigdommen vil det truleg vera lettare å selja. I løpet av 1,5 år og tre annonserte visningar har det ikkje meldt seg nokon kjøper.

I rapportar ang. buplikt på bustadeigedommar er det ikkje funne bevist at buplikt fører til auka busetnad. Det kan vera vanskeleg å oppfylla buplikta pga. mangel på arbeid eller andre forhold. Buplikta kan virka prisdempande og kan føra til at færre eigedommar vert lyst ut for salg.

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Kommunestyret - 043/2023

KS - behandling:

Gruppeleiarane ba om gruppemøte før saka vert handsama.

Pause i møtet under gruppemøte.

Kristin Nåmdal låg inn framlegg om å utsetje saka.

Votering av forslag om utsetjing av saka vart handsama.

Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyre ber om at det kjem ei sak til det nye kommunestyre med gjennomgang og drøfting av bruk av 0-konsesjon i Modalen.

Kommunestyre ynskjer ikkje å å stilling til enkeltsøknader før det har vore ei prinsipiell behandling av saka.

Vedlegg:

Politisk handsaming 1991 og 2001

Vurdering av 0-konsesjonsforskrifta i Modalen kommune.

Søknad om fritak frå buplikt gbnr 77_40 (2)